

MØTEINNKALLING

Utval: **KOMMUNESTYRET**
Møtestad: **Tingsalen**
Møtedato: **15.04.2010** Tid: **13.00**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenter er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
18/10	10/107	Kompetanseplan for skulane i Leikanger 2010 - 2011
19/10	10/138	Utviklingsplan for skular og kommunale barnehagar i Leikanger 2010-2011
20/10	10/246	Timetalsutviding i grunnskulen
21/10	09/463	Stenging av Røysavegen for gjennomkøyring
22/10	09/575	Søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet - oppføring av hytte på Troyøri i Fjærlandsfjorden
23/10	10/64	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan - avkøyrsløse til gang- og sykkeleveg langs rv.55 i Husabø
24/10	09/591	Tilstandsanalyse - Leikanger symjehall
25/10	09/538	Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen - frådeling av bustadtomt på Njøs
26/10	10/127	Revisjon av vedtektene for næringsfondet
27/10	09/352	Endring av reguleringsplan for Riverdalen - godkjenning av planen

- 28/10 10/117
**Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Riverdalen - mellomtels
parkeringsplass på Schrødertomta**
- 29/10 09/478
Nybø barnehage - renovering
- 30/10 10/122
**Forskrift om frist for spreiding av gjødselvarer av organisk opphav i
Leikanger kommune**
- 31/10 10/260
Samanslåing av Sogndal og Leikanger lensmannsdistrikt
- 32/10 10/176
Høring - Helse Førde sin strategiplan 2010-2020
- 33/10 10/173
Orienteringar

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Kompetanseplan for skulane i Leikanger 2010 - 2011

Sakshandsamar: Jorunn Nytingnes
Arkivsak nr.: 10/107

Arkiv: 433

Sak nr.: Utval
18/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Kompetanseplan for skulane i Leikanger 2010 –2011 vert vedteken i samsvar med dei prioriteringane som ligg føre. Utgifter til vidareutdanning må dekkast innafør skulane sine budsjett.

DOKUMENT:

- Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærarar KUD
- Informasjon om tildeling av midlar til vidareutdanning 2010 FMSF 04.02.2010
- Forskrift til opplæringslova § 14 - Krav til kompetanse ved tilsetjing i undervisningsstilling
- Informasjon om tildeling av midlar til etterutdanning 2009 U.dir
- Søknad frå rådmannsutvalet og Utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane om dispensasjon frå ordninga skuleåret 2010/11
- Kompetansekartleggingar frå skulane
- Kompetanseplan frå kvar skule
- Kompetanseplan for skulane i Leikanger (vedl.)

SAKSUTGREIING:

Gjennom St.meld.31 er det lagt opp til stram prioritering av kva dei statlege kompetansemidlane skal kunne nyttast til. Prioriteringa skal til ei kvar tid gjerast nasjonalt, men i nært samarbeid med kommunesektoren og arbeidstakarorganisasjonane.

Kompetansemidlane som før var øymerka midlar til kommunane, vart borte f.o.m. 2009. I I staden gir Utdanningsdirktoratet kvart år melding om kva midlar og studietilbod som er til disposisjon for skuleeigarane i kvart fylke.

Det er føresett at 60 studiepoeng – tilsvarende grunnfag – gjev 80 % permisjon der utgiftene skal fordelast likt mellom stat og kommune, medan læraren sjølv arbeidar dei siste 20 som då vert praksisdelen i faget. Ei lærarstilling vert rekna til 500 000 kroner, og kommunen sin del til ei 30 studiepoengsutdanning eller halvårseining vil såleis vere 100 000 kroner.

VIDAREUTDANNING

Målgruppa er lærarar i grunnskule, vidaregåande skule og vaksenopplæring. Sogn og Fjordane har i 2010 fått tildelt 3 mill kroner og 42 plassar, men berre 5 av desse er i Sogndal. Det gjeld 4 studieplassar på engelsk 1 og 1 studieplass på prosjekt til fordjuping. Informasjon om dei frikjøpte studietilboda ligg på www.skolenettet.no/studietilbud

Søknad om dispensasjon:

Sogn og Fjordane har dispensasjon frå denne statlege ordninga inneverande år. Rådmannsutvalet i fylket søkte om forlenging av denne dispensasjonen til også å gjelde 2010–2011, men fekk avslag.

Det inneber at dersom våre lokale behov ikkje samsvarar med dei tilboda som er, må vi gjere våre eigne avtalar/lokale ordningar. Rådmannen ser at det på sikt kan vere tenleg å få til felles ordningar mellom kommunane i regionen.

For nytilsetjingar på 8. – 10. årssteg gjeld:

Forskrift til opplæringslova endra med verknad frå 01.08.2008 slik at det ved tilsetjing av lærarar som skal undervise i norsk, matematikk og engelsk må vedkomande ha minst 60 studiepoeng relevant utdanning for tilsetjingsfaget.

Gjennomføring av kompetanseplan for Leikanger kommune 2009-2010, - vidareutdanning

Ungdomsskulen prioriterte sist år tysk, matematikk og norsk, samt tilpassa opplæring. Dei fekk søkjarar til norsk og tilpassa opplæring.

Ein lærar fullfører våren 2010 påbygging med 30 stp norsk, slik at han samla har 60 stp. Dette vart gjennomført ved Høgskulen i Sogndal, med 20 % frikjøp frå kommunen.

Ein lærar ved barneskulen fullførde våren 2009 eit 30 studiepoengstudium norsk med vekt på lese- og skriveopplæring for 1.–7. trinn. Dette vart gjennomført ved universitetet i Stavanger, med delvis frikjøp og reisetilskot frå kommunen.

Master i tilpassa opplæring kom ikkje i gong, då det var for få søkjarar.

Begge rektorane fullførte leiarutdanning gjennom Sats på skulen – snu Sogn våren 2009.

Kartlegging av kompetanse

Det vart gjennomført kartlegging av lærarane sin formelle kompetanse i Leikanger kommune i 2009. Denne er no oppdatert i høve til endringar. Kartlegginga byggjer på opplysningar frå lærarane sjølve, og opplysningar som ligg i SATS. Den er ikkje kvalitetssikra opp mot attestar og vitnemål i personalarkivet.

Kartlegginga viser at vi har høgt utdanningsnivå på tilsette i skulane i Leikanger, og jevnt over høgast på barneskulen. Det er m.a. dårlegare dekning i kjernefaga norsk og matematikk på ungdomsskulen enn på barneskulen. Ungdomsskulen har berre ein lærar med meir enn 15 studiepoeng i matematikk. Denne er no ute i permisjon. Skulen har og berre ein lærar som kan ta tysk.

Grunnlag for kommunal plan

Skulane i Leikanger har utarbeidd eigne kompetanseplanar, med prioriterte fagområde. Desse er drøfta mellom rektor og tillitsvalde. Planane dannar, saman med skuleeigar si sjølvstendige vurdering, grunnlag for kommunal plan. Ungdomsskulen har særleg bruk for matematikk og tysk, barneskulen for spesialpedagogikk og musikk.

Rådmannen ser ut frå kartlegginga eit behov for å prioritere ungdomsskulen i vidareutdanningssamanheng, slik at kjernefaga vert dekkja med 60 studiepoengsutdanningar, og at det vert meir enn ein lærar som kan ta tysk.

Det er ved utlysing av ledig vikariat søkt etter begge fagområda, men skulen lyt i tillegg prøve å skaffe fagpersonell ved vidareutdanning av fast tilsette folk.

Skulen har ein lærar som vil søkje på 30 studiepoengstudium i matematikk i Sogndal. Rådmannen vil gå inn for å gje denne permisjon i 20 % stilling.

Barneskulen har mange store tiltak på spes.ped sida, og sjølv om det kan sjå ut på papiret som om fagkrinsen er godt dekkja, er nok likevel behovet reellt. Skulane og barnehagane har og eit samla behov for spesialpedagogisk kompetanse på feltet lese og skrivevanskar/logopedi. Det vert truleg opptak til nytt studium på Sandane hausten 2011, og kommunen vil prøve å rekruttere frå eigne rekkjer for å få ein søkjar til masterstudium med logopedi.

ETTERUTDANNING

Målgruppa er den same som for vidareutdanning

Gjennomføring av kompetanseplan for Leikanger kommune 2009 – 2010, - etterutdanning

Skulane hadde sist år prioritert vurdering og IKT. Kommunen søkte om etterutdanningsmidlar til desse to områda, og fekk 65 000 kroner frå fylkesmannen i 2009

Begge skulane har arbeidd med elevvurdering gjennom året, og knytt til seg Anne Karin Sandal frå Høgskulen i Sogndal som kurshaldar og rettleiar. Dette arbeidet vil halde fram i 2010. Det skal utarbeidast vurderingskriterium i alle fag, og lagast gode modellar for undervegs- og framovervurdering.

På IKT sida har ungdomsskulen knytt til seg DIFI som kompetansemiljø gjennom partnarskapsavtalar. Ungdomsskulen jobbar spesielt med Smart-board denne våren, og vil saman med lærarar frå mellomsteget gjennomgå opplæring kurs i bruk av denne 7. juni. Barneskulen arbeider med innføring av FRONTER, og har knytt til seg fylkeskommunen som kompetansemiljø. Dette held fram også i 2010. Det er overført midlar som står på bunde driftsfond.

Etterutdanning framover i 2010

Staten har sett av 79 millionar kroner for 2010. Av desse får Sogn og Fjordane kr 2 075 000. For same perioden skal det utviklast etterutdanningstilbod innafør 5 prioriterte område: leseopplæring, rekneopplæring, rådgjeving, vurdering, samt fag og yrkesopplæring for vidaregåande skule.

IKT er borte frå prioriteringslista.

Etterutdanning skal vere praksisnær, vare over tid, og innebære refleksjon og utprøving mellom samlingane med bruk av arbeidsplassen som praksisarena. Minst 20 % av midlane skal gå til etterutdanning innan leseopplæring. Søknadsfrist er 10. mai.

Midlar som vert tildelt skuleeigar skal gå til *gjennomføring* av etterutdanning. Begge skulane prioriterer å halde fram med same områda som inneverande år.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Utviklingsplan for skular og kommunale barnehagar i Leikanger 2010-2011

Sakshandsamar: Jorunn Nytingnes
Arkivsak nr.: 10/138

Arkiv: 430

Sak nr.: Utval
19/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Framlegg til utviklingsplan for skular og kommunale barnehagar vert vedteken slik den ligg føre. Rektorane får i oppgåve å lage ein plan for fagleg samarbeid mellom skulane innan 01.07.2010. Samarbeidsområde og datofesta møteplassar skal framgå av planen.

DOKUMENT:

- Framlegg til utviklingsplan for skule og kommunale barnehagar i Leikanger (vedl.)
- Framlegg til utviklingsplan for Leikanger barneskule (vedl.)
- Framlegg til utviklingsplan for Leikanger ungdomsskule (vedl.)
- Framlegg til utviklingsplan for dei kommunale barnehagane (vedl.)

SAKSUTGREIING:

Utviklingsplanane for skulane og barnehagane skal i tillegg til å vere skulen og barnehagen sine prioriterte arbeids- og utviklingsområde, også syne skule- og barnehageeigar sine prioriteringar. Dei vert dei lagde fram for kommunestyret til godkjenning, samstundes som kommunestyret kan stille spørsmål til planane, til framdrift i utviklingsarbeidet m.m. Det vil og vere ønskjeleg at kommunestyret kjem med innspel og synspunkt til skulane og barnehagane i forhold til dei planane som skal utarbeidast for neste skuleår 2011-2012.

Skulane og barnehagane har dei siste åra ønskt å avgrense tal tema, samt arbeide meir langsiktig med same tema over fleire år.

Barnehagane har arbeidd godt med innføring av ny rammeplan og felles årsplanar for barnehagane. Det er sett frå rådmannen si side eit godt og fruktbart samarbeid mellom dei kommunale og den private barnehagen. Ein arrangerte felles foreldrekurs om ”enkel kvardagsmat”, felles personal og foreldremøte om tverrfagleg samarbeid, og felles personalmøte om trafikksikkerhetsarbeid. Dei kommunale barnehagane har fått til eit tilnærma felles framlegg til utviklingsplan med små variasjonar.

Skulane har gjort sine prioriteringar ut frå utviklingsprogrammet Sats på skulen – snu Sogn, ut frå statlege satsingar og ut frå område skulane sjølve meiner dei må arbeide meir med.

Barneskulen har utarbeidd og teke i bruk plan for entreprenørskap, og fått midlar frå fylkesmannen til implementering/vidare arbeid. Ungdomsskulen sin plan er oppjustert, og det er utarbeidd og gjort politisk vedtak i høve til kommunal plan.

Ungdomsskulen vil i år arrangere eigne grunderdagar 7. og 8. april. Entreprenørskapsarbeidet vil halde fram i begge skulane, og bli evaluert opp mot måla i planen våren 2011.

Vurdering vil vere eit prioritert område for begge skulane også komande skuleår. Skulane har fått etterutdanningsmidlar frå fylkesmannen i 2009, og vil søkje om midlar også i 2010. Begge skulane har knytta til seg kompetanse/retteleiar frå Høgskulen i Sogndal. Det kan synest som ungdomsskulen har kome noko lenger i dette arbeidet enn barneskulen. Det er rådmannen si vurdering viktig at dette arbeidet vert prioritert, og at det er god framdrift i arbeidet.

Det vil også i denne samanhengen vere viktig å få til eit nærare fagleg samarbeid mellom skulane for å få samanheng og progresjon i vurderingsarbeidet.

Ungdomsskulen har sett IKT på planen. IKT må etter rådmannen si vurdering også vere eit vesentleg utviklingsområde for barneskulen, sjølv om det ikkje står på utviklingsplanen.

Barneskulen er i startfasen med innføring av Fronter, og begge skulane skal innføre FEIDE. Ungdomsskulen vil også bruke IKT som reiskap i internasjonaliseringsarbeid.

Barneskulen vil satse på faglege utviklingstiltak i lesing og engelsk, ved hjelp av lesekurs, skrivekurs, bruk av biblioteket som sentral aktør, og ved å auke timetalet i engelsk og norsk.

Dei vil bruke kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar som indikatorar på måloppnåing.

Ungdomsskulen vil satse på realfag/IKT gjennom internasjonaliseringsprosjekt, der språk vil vere ein tilleggsgevinst.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Timetalsutviding i grunnskulen

Sakshandsamar: Jorunn Nytingnes
Arkivsak nr.: 10/246

Arkiv: B14

Sak nr.: Utval
20/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Frå og med skuleåret 2010-11 vert timetallet for 1.–7. årssteg auka med ein klokke time i veka, i alt 38 timar. Dette vert fordelt med 28,5 årstimar til engelsk på 4. årssteg og 9,5 årstimar til norsk på 3. årssteg.

DOKUMENT:

- Brev frå Utdanningsdirektoratet av 11.02.2010 om timetalsutviding på 1.– 7. årssteg i grunnskulen
- U.dir. 08-2009 – Ordinær fag og timefordeling i grunnskulen
- Møtebok frå samarbeidsutvalet ved LBS 08.03.2010
- Fag og timefordeling på Leikanger barneskule

SAKSUTGREIING:

Frå og med skuleåret 2010-11 vert timetallet for 1.–7. trinn auka med ein klokke time per veke, i alt 38 timar. Den ekstra timen skal brukes til opplæring i dei faga og på det trinnet skoleeigar meiner er mest tilrådeleg ut frå lokale behov.

Spørsmålet har vore handsama i personalgruppa og samarbeidsutvalet ved barneskulen, som går inn for at 45 min vert tillagt engelsk på 4.årssteg, og at dei resterande 15. min vert lagt til norsk på 3. årssteg.

Engelsk er eit fag som har få timar på småskulesteget frå før. I samband med Kunnskapsløftet var det ei forskyving av timar frå ungdomssteget til barnesteget. Dette stiller samtidig større krav til kva elevane skal ha inne av basiskunnskap m.a. i grammatikk når dei kjem til ungdomssteget.

Styrking av norsk på småskulesteget vil vere i tråd med tidleg innsats i lesing og rekning i småskulen..

Tabell 1 Ordinær fag- og timefordeling i grunnskolen

Fag	60 min. timar pr. 22.10.2009			60 min timar pr. 01.08.2010		
	1.-4.	5.-7.	Sum	1.-4.	5.-7.	Sum
RLE	427			427		
Norsk	931	441	1372	940,5	441	1381,5
Matematikk	560	328	888	560	328	888
Naturfag	328			328		
Engelsk	138	228	366	166,5	228	394,5
Samfunnsfag	385			385		
Kunst og handverk	477			477		
Musikk	285			285		
Mat og helse	114			114		
Kroppsøving	478			478		
Sum opplæring	5120			5158		
Fysisk aktivitet	0	76	76	0	76	76
Sum årstimar	5196			5234		

Ved å omreknine 5158 klokketimar til 45 min skuletimar får ein 6877 1/3 time. Timar til fysisk aktivitet kjem i tillegg. Skulen må gjennom timeplanlegginga syte for at kvart fag får rett tal årstimar

Rådmannen rår til at kommunestyret føl samarbeidsutvalet si tilråding ved å auke engelsk på 4. årssteg med 28,5 årstimar og legge 9,5 årstime til norsk på 3. årssteg

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Stenging av Røysavegen for gjennomkøyring

Sakshandsamar: Per Gjerland
Arkivsak nr.: 09/463

Arkiv: Q87

Sak nr.: Utval
21/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommune søker Statens vegvesen om løyve til å sette opp skilt nr. 306.1 Forbudt for motorvogn med underskilt nr. 808.301 Gjeld gjennomkøyring på deler av Røysavegen frå kryss med Ohnstadhaugen til kryss med Njøsavegen.

DOKUMENT:

- Søknad av 15.08.09 frå Hjedl grendalag (vedlagt)
- Reguleringsplan for Hjedl

SAKSUTGREIING:

Hjedl Grendalag ynskjer at det vert forbode med gjennomkøyring i bustadfeltet. Vegen gjennom bustadfeltet er ein del av Røysavegen som går frå Sognefjordvegen (rv.55) til Njøsavegen. Grendalaget peikar på konflikten med at det til tider er stor gjennomgangstrafikk og at bustadfeltet fungerer som eit gatetun. Det er mange born som leikar i vegområdet. Stor gjennomgangstrafikk skapar trafikkfarlige situasjonar.

I føresegnene for reguleringsplan for Hjedl er det lagt vekt på fartsregulering og i samsvar med det er det etablert fartsdempande humpar.

Frå Hermansverk er Røysavegen og Njøsavegen tilkomstveg til bustadområda på Røysaleite, Røysa, Seberg og delvis til Monken. Tidlegare er Gjertrudbakken stengd for gjennomkøyring. Dersom Røysavegen blir stengd for gjennomkøyring, må trafikken til dei øvre bustadområda gå etter Njøsavegen eller frå Husabøvegen og over Monken. Det er Statens vegvesen som gjer vedtak i saka.

Rådmann si vurdering:

Deler av Røysavegen er uoversiktleg, smal, og bratt og er lite eigna til gjennomkøyring. Vegen er svært vanskeleg om vinteren. Det er difor rimeleg at vegen berre blir tilkomstveg til eigedommane langs vegen. Tryggleiken for bustadmiljøet på Hjedl bør etter rådmannen si vurdering telja meir enn dei tidstapet som køyrande vil få ved å måtte nytta Njøsavegen frå Hermansverk. Røysavegen er i tillegg mykje brukt som gang- og sykkelveg til og frå barneskulen og idrettsanlegget.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet - oppføring av hytte på Troøyri i Fjærlandsfjorden

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/575

Arkiv: MTR 12/37

Sak nr.: Utval
22/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre gir i medhald av §19-2 i Plan- og bygningslova dispensasjon frå §1-8 i lova til oppføring av ny hytte som omsøkt.

Det er ved avgjerda lagt vekt på at det søkt om bygging av ny hytte på same eigedommen utan frådeling. Det gjer at alle bygga på Troøyri vert eigd av same grunneigar. Dette gjer at det ikkje vert auka privatisering av området. Det fører òg med seg at det verdfulle arbeidet med å halda landskapet ope kan halda fram.

DOKUMENT:

- Søknad av 02.11.09 frå Ivar-Raymond Kvaleid m/kart og foto(vedlagt)
- Fråsegn motteke 09.03.10 frå Fylkesmannen, miljøvernavdelinga (vedlagt)
- E-post av 31.03.10 frå Ivar-Raymond Kvaleid (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Søknad gjeld oppføring av hytte på gnr.12 bnr.37 på Troøyri i Fjærlandsfjorden. Hytta er søkt plassert nærare sjøen enn 100 meter frå strandlinja og treng difor dispensasjon frå §1-8 i Plan- og bygningslova. Området er i arealdelen i kommuneplanen avsett som LNF-område.

Troøyri har opprinneleg vore eit eige gardsbruk. Staden ligg på austsida av Fjærlandsfjorden om lag sju kilometer frå Hella. Det var busetnad på garden fram til midt på 1950-talet. Noverande eigar overtok eigedommen i 1970. Bygningane var då til nedfalls. I 1977 fekk eigaren dispensasjon frå strandplanlova for bygging av hytte og naust. I saksutgreiinga frå den gongen går det fram at av den tidlegare busetnaden var det berre våningshuset som delvis stod att. Søknaden vart den gongen tilrådd av både den kommunale friluftsnemnda og jordstyret. Fylkesfriluftsnemnda vedtok ikkje å nytta klageretten sin.

I søknaden no vert plasseringa grunnngive med at terrenget på staden gjer det uråd å plassera hytta lenger frå fjorden enn 100 meter. Familien har vorte større og treng meir plass. Det er no tre generasjonar som brukar Troøyri som fritidseigedom. Søkaren legg vekt på at det er

naudsynt for å vedlikehalda bygningane og uteområdet at familien får meir plass og at bygging av ny hytte må til av den grunn.

Fylkesmannen meiner i si fråsegn at plasseringa er konfliktfylt i høve til omsyna som ligg bak strandsonevernet. Fylkesmannen si vurdering er at tiltaket såleis er i strid medlova sine vilkår for å kunne gi dispensasjon. Det vert klart rådd frå å gi dispensasjon som omsøkt. Dei meiner at det kan vera grunnlag for å gi dispensasjon for eit tilbygg til den eksisterande hytta.

Søkaren har gjort greie for bakgrunnen for søknaden og historikken på Troøyri. Det er òg gjort greie for at den nye hytta skal oppførast der det aller første huset på staden vart bygd.

Rådmannen si vurdering:

Leikanger kommune ser positivt på verdien av det arbeidet familien har utført på Troøyri. Frå å vera eit fråflytta område med bygningar til nedfalls har eigedommen vorte eit positivt element i fjordlandskapet. Bygging av ei ny hytte på eigedommen vil etter rådmannen si vurdering ikkje ha negative konsekvensar korkje for landskapsbiletet eller ålmenta sitt tilgjenge til området. Det er vanskeleg å slutta seg til fylkesmannen si vurdering om at det vil vera grunnlag for å gi dispensasjon for eit tilbygg til til eksisterande hytte enn ei ny frittstående innanfor same bygningsklynga. Det er grunn til å meina at to mindre hytter på 60 m² gir betre landskapstilpassing eit dobbelt så stor hytte. Når det gjeld privatisering av området, finn ein at dei det marginal skilnad ved bygging av ei ny hytte i staden for eit tilbygg med tilsvarende storleik.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan - avkøyrslø til gang- og sykkelveg langs rv.55 i Husabø

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 10/64

Arkiv: MTR 12/56

Sak nr.: Utval
23/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre gir i medhald av §19-2 i Plan- og bygningslova dispensasjon frå reguleringsplanen for gang- og sykkelveg Leikanger – Hermansverk for køyring med bil frå fellesavkøyrslø til rv.55 ved hp 08 ca. km 3,130 og austover til vestgrensa for gnr.12 bnr.56.

Det vert sett som vilkår at det skal opparbeidast to parkeringsplassar på eigedommen og at køyretøy skal kunne snu inne på eigedommen.

Det er ved avgjerda lagt vekt på at denne eigedommen er den einaste på strekninga Leikanger – Hermansverk som ikkje har anna alternativ til etablering av køyrevegavkøyrslø.

DOKUMENT:

- Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Leikanger - Hermansverk
- Søknad av 24.03.10 frå Emma H. Husabø Manin og Pascal Manin m/kart (vedlagt)
- Fråsegn av 20.01.10 frå Statens vegvesen (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

I samband med nybygg vart spørsmålet om avkøyrslø til eigedommen aktuelt. Tidlegare har det berre vore gangtilkomst til eigedommen, først til riksvegen, deretter til gang- og sykkelveg då den vart bygd tidleg på 80-talet.

Det vert primært søkt om avkøyrslø for køyring vestover på gangvegen til fellesavkøyrslø om lag 70 meter vest for eigedommen.

Statens vegvesen stiller seg svært negativ til at kommunen gir dispensasjon frå reguleringsplanen. Dei finn at avkøyrslø til riksvegen like aust for eigedommen (krysset med den private veggen Nyhagen) ikkje stettar dagen krav og bør ikkje nyttast. Når det gjeld køyring vestover på gang- og sykkelveg vurderar dei det slik at ein vil setja sikkerheita for gåande

og køyrande i fare, då breidda på gangvegen ikkje gir plass til både bil og gåande(syklande). Dei kan derimot godta at at nyttar fellesavkøyrsla på rv.55 vest for eigedommen til å komme til ein eventuell parkeringsplass på naboeigedommen.

Rådmnnen si vurdering:

Gangvegen frå Leikanger til Hermansverk vart primært bygd for å sikra dei gåande og syklande langs rilsvegen. Det vart og ein reduksjon i talet på avkørsler til riksvegen ved at det vart bygd fellesavkøyrslar og av det vart tillate å køyra til eigedommane på strekningar av gang- og sykkelvegen. Gang- og sykkelvegen er bygd med same breidde på heile strekinga, uavhengig om det er tillate med bilkøyring eller ikkje. Dei strekingane som var lov å køyra på fekk eit underskilt til gang- og sykkelvegskiltet ”køyring til eigedommane tillate”. På den omsøkte strekinga er det i dag ikkje tillate med bilkøyring.

Rådmannen finn ikkje at vegvesen sitt standpunkt om å nytta naboeigedom til parkering som særleg framtidsretta og permanent, sjølv det i dag er eit nær slektsforhold mellom eigarane av dei to naboeigedommane. Alle dei andre eigedommane på gangvegstrekinga som berre har gangtilkomst til gangvegen har alternativ tilkomst til kommunal køyreveg. På den måten vil det ikkje føra til presidens ved å gi dispensasjon.

Rdmannen er ikkje samd i vegvesenet si vurdering av sikkerheita for gåande og syklande på strekinga, då ein òg må ta omsyn til at ved ikkje å gi dispensasjon vil det kunne oppstå vel så stor fare for sikkerheita ved ein ukontrollert parkeringssituasjon i området.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Tilstandsanalyse - Leikanger symjehall

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/591

Arkiv: 614 D2 &01

Sak nr.: Utval
24/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek ikkje å gå vidare med prosjektet rehabilitering av symjehallen ved Leikanger ungdomsskule.

DOKUMENT:

- Tilstandsrapport av desember 2009 frå Asplan Viak AS (vedlagt samandrag)
- Notat av 04.01.10 frå Asplan Viak AS: Kostnad for alternativ symjehall (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Etter utlyst konkurranse fekk Asplan Viak AS hausten 2009 i oppdrag å utarbeida tilstandsrapport for symjehallen ved ungdomsskulen. Dei fekk og i oppdrag å utarbeida kostnadsoverslag for bygging av nytt opplæringsbasseng.

Tilstandsrapport er eit dokument på 55 sider. Heile rapporten er utlagt på kommunen si heimeside www.leikanger.kommune.no.

Bassenget er i år 42 år gammalt. Det tilfredsstillar ikkje dagens krav. Bruken av bassenget vart avslutta hausten 2007. Bruken av bassenget medførte då så mykje fuktinntrenging i tilstøytande rom, der lekkasjane frå himlingen i gymnastikksalen var så store at vatnet på golvet gjorde det farleg å bruka salen.

Rapporten tek føre seg dei ulike sidene av symjehallen som bærekonstruksjonar, HC – tilgjenge, garderobe/dusjområdet, bassenget, klimaskalet, vassbehandlninga, VVS-tekniske og elektriske anlegg. Ei rehabilitering vil vil store innsparingar i drifta når det gjeld tilleggisolering av takkonstruksjonen og utskifting av vindaugsfasadane. Dei andre tiltaka vil gi ingen eller mindre innsparingar i drifta.

Ei rehabilitering tek utgangspunkt i minimumstiltak for å stetta forskriftene, men fleire av løysingane er ikkje optimale eller framtidsretta:

- Garderobar og dusjanlegget vil framleis liggja i kjellar.

- Ny HC-garderobe verta ein naudløysing i forhold til universell utforming.
- Normalkravet til fall på rampe i bassengrommet vil ikkje kunne stettast.

Byggekostnadene for rehabiliteringa er rekna til 14,5 mill eks.mva +/- 15%. Tilsvarende kostnad for eit nybygg med eksempel frå Askøy som var ferdig i 2003 er 21,1 mill. ekva.

Kostnaden med rehabilitering er omlag 2/3 av nybygg, men med større usikkerheit når det gjeld kostnader og levetid. Asplan Viak AS sitt råd er å byggja eit nytt anlegg.

Rådmannen sluttar seg til Asplan Viak AS sine vurderingar.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen - frådelling av bustadtomt på Njøs

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/538

Arkiv: MTR 24/85

Sak nr.: Utval
25/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre finn ikkje at det i denne saka ligg føre klart større fordeler enn ulemper.

Kommunestyret finn såleis ikkje å kunne gi dispensasjon som omsøkt.

DOKUMENT:

- Søknad av 27.09.09 frå Alvhild Njøs med kartvedlegg (vedlagt)
- Brev av 14.11.09 frå søkar (vedlagt)
- Fråsegn av 12.01.10 frå Statens vegvesen (vedlagt)
- Fråsegn av 01.02.10 frå Fylkesmannen, landbruksavdelinga (vedlagt)
- Brev av 20.03.10 frå søkar (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Søkar ynskjer å dela frå ein parsell for bygging av bustadhus, jf. vedlagt kart. Søkar bur sjølv på eigedommen. Eigedommen er samla på 24 daa, av dette er heimeteigen 3 daa. Det er eit eldre bustadhus og eit uthus på denne parsellen. 2,5 daa er tilplanta med frukt. Til eigedommen høyrer og ein skogteig ved Fadnastølen i Njøsadalen. Grunngevinga til søkar er eit ynskje om at barnebarn skal få busetje seg på den fråskilte eigedommen, dessutan vil delinga vere ein lekk i eit framtidig arveoppgjerd. Det vert òg peika på at eigedommen i utgangspunktet var ein stor bustadeigedom. Sjølv om den ligg i LNF-område gjev den ikkje grunnlag for økonomisk utbytte frå landbruksdrift.

Eigedommen ligg i LNF-område i kommuneplan. Det omsøkte arealet ligg òg i område definert som Kjerneområde Landbruk.

Saka har i samsvar med §19-1 i Plan- og bygningslova vore sendt til fråsegn hjå Fylkesmannen si landbruksavdeling og Statens vegvesen, då søknaden òg inneheld avkøyrsløse til fylkesveg.

Statens vegvesen stiller seg negative til planen frå søkaren. Dei meiner at eksisterande bustadhus og og den planlagde tomta bør ha ei felles avkøyrsløse og vil ha ein plan for dette i samsvar med dagens krav.

Landbrusavdelinga vil på det sterkast rå i frå at det vert gitt dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen i dette høvet.

Rådmannen si vurdering:

Denne dispensasjonssøknaden må vurderast på bakgrunn av det nyleg avslutta kommuneplanarbeidet. I tillegg til ei grundig vurdering av framtidig arealdisponering og bustadlokalisering, definerte ein òg i denne prosessen dei viktigaste landbruksareala i kommunen som *Kjerneområde Landbruk*.

I dette høve er det tale om omdisponering av svært produktiv jord, auka infiltrasjon av busetnad i eit verdifullt jordbruksområde med potensielle interessekonfliktar som igjen kan føre til krav om driftsrestriksjonar. Ein dispensasjon vil òg lett kunne skape presedens i liknande saker. Grunngevinga til søkjar er av personleg karakter og vil ikkje medverke til å løyse dei framtidige utfordringane med bustadlokalisering.

Etter §19-2 skal fordelene ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ein samla vurdering. Kommunen bør heller ikkje dispensasera når ein statleg eller regional styremakt har gitt ei negativ fråsegn til dispensasjonssøknaden.

Slik søknaden ligg føre finn rådmannen at fordelene ikkje er klart større enn ulempene.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Revisjon av vedtektene for næringsfondet

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 10/127

Arkiv: 243 U01

Sak nr.:	Utval	Møtedato
17/10	Formannskapet	22.02.2010
26/10	Kommunestyret	15.04.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek framlegget til reviderte vedtekter for næringsfondet.

DOKUMENT:

- Framlegg til reviderte vedtekter (vedlagt)
- Gjeldande vedtekter (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Det er lenge sidan vedtektene sist vart reviderte. Det har etter kvart etablert seg praksis som gjer at deler av vedtektene ikkje er aktuelle lenger.

I 2010 er saksførebuinga lagt til Leikanger Næringshage. Det er av den grunn òg aktuelt å ajourføra vedtektene.

Endringane er stort sett ei stadfesting av praktiseringa dei siste åra som at fondet berre nyttast til tilskot, ikkje til lån.

Formannskap vedtok i sak 17/10 i møte 22.02.10 å senda framlegget til reviderte vedtekter for næringsfondet ut på høyring.

Framlegget har vore lagt ut på kommunen si heimeside og sendt Leikanger Næringshage, Opplev Leikanger og Leikanger Reiselivslag på høyring.

Det er ikkje komme inn merknader.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Endring av reguleringsplan for Riverdalen - godkjenning av planen

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/352

Arkiv: L12 &21

Sak nr.:	Utval	Møtedato
28/10	Formannskapet	24.03.2010
27/10	Kommunestyret	15.04.2010

Formannskapet sitt FRAMLEGG TIL VEDTAK, samr.:

Leikanger kommunestyre godkjenner privat framlegg til reguleringsendring av 03.11.09 for Riverdalen under føresetnad at det vert lagt fram tilfredsstillande ROS-analyse.

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre godkjenner privat framlegg til reguleringsendring av 03.11.09 for Riverdalen under føresetnad at det vert lagt fram tilfredsstillande ROS-analyse.

DOKUMENT:

- Privat framlegg til reguleringsendring av 03.11.09 med planomtale, føresegner og kart (tidlegare utsendt)
- F-sak 146/09
- Brev av 12.03.10 frå Unni Husabø Gotthard og Åse Husabø (vedlagt)
- Merknad av 13.03.10 frå Knut Njøs (vedlagt)
- Fråsegn av 12.03.10 frå Fylkesmannen (vedlagt)
- E-post av 19.03.10 frå Knut Njøs (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Formannskapet godkjende planen for utlegging i møte 15.12.09. Planen har lege ute til offentlig ettersyn i perioden fram til 13.03.10. Planen vart samstundes sendt offentlege planstyresmakter til fråsegn.

Fylkesmannen si beredskapsavdeling minner om kravet til ROS-analyse i den nye Plan- og bygningslova for planar med utbyggingsområde. Dei har difor eit krav om at dette vert gjort.

Miljøvernavdelinga har ikkje avgjerande merknader. Landbruksavdelinga ser det som positivt at det vert lagt opp til fortetting og høg arealutnytting.

Rådmannen føreset at utbyggjar/planleggjar legg fram tilfredsstillande ROS-analyse før kommunestyret si godkjenning av planen.

Unni Husabø Gotthard og Åse Husabø er naboar til utbyggingsområdet. Dei er opptekne av at gangvegen mellom Riverdalen og Gjertrudbakken vert oppretthalden og uendra.

Dette er ivareteke gjennom planen.

Knut Njøs har fleire merknader.

- Han saknar grunngeving for at reguleringsplanen vert endra så kort tid etter godkjenning
- Han finn at det planlagde bygget ikkje passar inn i bumiljøet i Riverdalen, noko som gjeldande reguleringsplan tek omsyn til
- Han finn det planlagde bygget ruvande og skjemmaende for hans eigedom i Gjertrudbakken og gir skugge og dårlege soltilhøve for deler av eigdommen. Han krev at bygget må reduserast med ein etasje.

Rådmannen sine vurderingar:

Grunneigaren presenterte sitt utbyggingsframlegg i brev av 16.04.07 i samband med utlegginga av reguleringsplanen for Riverdalen. Kommunen var ikkje avvisande til dette framlegget, men ville ikkje ta det i sluttfasen av arbeidet med planen for heile Riverdalen.

Rådmannen kan vera samd i at det planlagde bygget sin storleik kan vera utfordrande i høve til eksisterande busetnad i Riverdalen. Plasseringa av bygget i illustrasjonsplanen gir god avstand til eksisterande busetnad. Dette, saman med at bygget står inn mot skråninga i terrenget, gjer at bygget kan akseptrast. Rådmannen finn at omsynet til å få til ei såpass høg utnytting av arealet tett ved sentrum veg tyngre enn Njøs som nabo sine ulemper med bygget til at ein vil tilrå å redusera etasjetalet.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Riverdalen - mellombels parkeringsplass på Schrødertomta

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 10/117

Arkiv: Q52

Sak nr.: Utval
28/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre finn det ikkje rett å ta søknaden opp til endeleg avgjerd nå.

Kommunestyret meiner ein fyrst bør vinne erfaring med skilting om korttidsparkering på sentrumsplassen samt at ein i sterkare grad forsøker å styre parkeringa som ikkje gjeld besøk til butikkane til areal som er avsett til langtidsparkering.

Kommunestyret oppmodar elles Saften AS om å få fortgang i gjennomføring av dei avtalefesta tiltaka.

DOKUMENT:

- Reguleringsplan for Riverdalen (kart vedlagt)
- Søknad av 06.02.10 frå Saften AS (vedlagt)
- Brev av 25.03.10 frå butikkane i Saften (vedlagt)
- Brev av 26.03.10 frå Adv.firma Harris på vegne av nabo Elise og Arve Christensen (vedlagt)
- Kopi av brev av 29.03.10 frå Kiwi til Saften AS (vedlagt).

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har to rollar i denne saka:

1. Eigar av Schrødertomta, gnr.24 bnr.118, 948 m2.
2. Planstyresmakt etter Plan- og bygningslova.

Dersom kommunen ikkje ynskjer å bruka denne eigedommen som parkeringsplass, kan kommunestyret som grunneigar avslå søknaden utan grunngiving.

Rådmannen har valt å førebu saka i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova. Det vil seia at det er sendt ut varsel om søkanden til naboane.

Eigedommen er i reguleringsplanen er avsett til friområde (park, leikeplass).

I søknaden peikar Saften på at det er tale om ei mellombels løysing fram til det vert naudsynt for dei å byggja parkeringsanlegget i tråd med inngått avtale med kommunen om utbygginga av Saftenområdet. Det er særleg Kiwi som etterlyser meir parkeringsplassar hjå Saften

Butikkane i Saften peikar på at det kan verta eit problem med nok parkering når sentrumplassen vert etablert. Dei ser Schrødertomta som det einaste alternativet i nærleiken.

Adv. firma Harris syner til avtalen mellom Saften og kommunen om at Saften skal innløysa Christensen sin eigedom for skaffa tilkomst til det planlagde parkeringsanlegget nordaust for Saften. Det vert gjort gjeldande at vilkåra for å gi dispensasjon ikkje er tilstades. Dei regulerte areala til parkeringsføremål må byggast ut først før ein tek i bruk anna areal som er regulert til park og leikeplass.

I brevet frå Kiwi til Saften vert det vist til kontrakten mellom dei to partane som seier at Kiwi skal ha 30 oppmerka parkeringsplassar. Dei støttar opp om søknaden om å få bruka Schrødertomta til parkering.

Reguleringsplanen for Riverdalen vart godkjent 31.05.07 og gav grunnlaget for Saftenutbygginga. I august same år vart det inngått utbyggingsavtalar mellom Saften AS og Leikanger kommune om fordelinga av opparbeiding av uteareala og infrastrukturen i området. Kommunen sin del vert avslutta no i sommar med opparbeidinga av sentrumplassen ned mot riksvegen.

Saften hadde ansvaret for bygging av ny veg og parkeringsanlegg i to plan på nordaustsida av bygget. Dette er ikkje gjennomført.

Det er krav i reguleringsplanen til ein parkeringsplass per 50 m² bruksareal i Saftenbygget. I reguleringsplanen er parkeringsarealet vest for bygget som no er opparbeidd avsett til korttidsparkering. Parkeringsanlegget i to høgder skal etter reguleringsplanen dekkja størsteparten av parkeringstrongen for bygget både når det gjeld kunde- og tilsetteparkering. Dette var heilt sentrale element i arbeidet med reguleringsplanen i 2007 og rådmannen meiner meiner ein fyrst og fremst må arbeide for at føresetnadene i reguleringsplanen må følgjast opp før ein gjennomfører endringar av planen.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen ser det som Saften AS si avtalefesta plikt å opparbeida attståande parkeringsplassane for Saftenbygget. Leikanger kommune har gjort avtale med entreprenør om opparbeiding av sentrumplassen. Schrødertomta er i den samanheng tilvist som riggplass for entreprenøren. Tomta vil difor ikkje verta frigitt før tidlegast i november 2010 og at ein bør nytte tida framover til å sjå verknadene av skilting, endra parkeringsvanar og evt sjå på alternativ om å nytte ein mindre del av Schrødertomta til parkering før kommunestyret tek endeleg avgjerd i saka.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Nybø barnehage - renovering

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/478

Arkiv: 614 A1

Sak nr.:	Utval	Møtedato
37/09	Kommunestyret	24.09.2009
2/10	Arbeidsmiljøutvalet	18.03.2010
29/10	Kommunestyret	15.04.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek dei framlagde planane for renovering av Nybø barnehage inkludert Sorenskrivargarden til ein samla kostnad av 6.462.500 kr. inkl.mva.

Prosjektet vert finansiert slik:

Låneopptak	5.170.000 kr
<u>Mva. komp. investering</u>	<u>1.292.500 kr.</u>
SUM	6.462.500 kr

Auka låneopptak på 1.670.000 kr vert å finansiera i årsbudsjettet for 2011.

DOKUMENT:

- K-sak 37/09 i møte 24.09.09
- Økonomiplan 2010 – 2013
- Anbudsteikningar (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Kommunestyret gjorde i sak 37/09 i møte 24.09.09 dette vedtaket:

”Kommunestyret vedtek at dei avsette 300.000 kr til utarbeiding av statusrapport for Nybø barnehage vert brukt til oppstart av renovering av bygget.

Vidare utbygging av barnehagen vert å detaljplanlegga og lagt fram for kommunestyret som eiga sak. Gjennom vidare planprosess skal særtrekka ved bygningane og deira plassering i tunet takast omsyn til.

Gjennom byggjeprosessen skal ein sikra at tilhøva knytt til fukt og muggsopp i bygget vert forsvarleg utbetra.

Kostnadene vert å innarbeida i økonomiplanen for 2010 - 2013.

I økonomiplanen er det sett av 3,125 mill i 2010 og 1,250 mill i 2011, samla 4,375 mill inkl.mva.

Ei administrativ arbeidsgruppe med representar for barnehagen, teknisk kontor og rådmann har arbeidd med vidareføring av prosjektet.

Fylkesmannsgarden:

Her vil heile 1. etasje bli oppussa, det blir nye golv, vegger, vindauger og tak. Oppvarming blir varmekabel og varmegjenvinning i ventilasjonsanlegg. Det blir laga nytt toalett, stellerom og vaskerom sentralt i etasjen. Personalavdelinga vil få større areal til arbeidsplassar. I austenden av eksisterande bygg vil det bli eit tilbygg på 26 m². Dette vil innehalda inngangsparti, grovgarderobe, toalett for rørslehemma og rømningsveg frå 2. etasje.

Ny tilkomst til 2. etasje vil bli løyst ved at eksisterande drengestove blir reven og bygd oppatt med same arealet, 36 m². Her vil det bli nytt inngangsparti, grovgarderobe, toalett, lager og garderobe. Det vil bli eit nytt mellombygg med mykje bruk av glas som gir tilknytning til eksisterande bygg. Eksisterande tilkomst blir tilbygd nordover og vil innehalda gang og garderobe for personalet.

Det vil bli utført tiltak på tunet som hindrar vassinnsig til kjellar, ei grøft i heile bygget si lengd mot nord. I kjellar vil det bli støypt golv med tett folie under.

Ved inngangsparti til 2. etasje vil det bli lagt beleggningsstein på varmekabel.

Sorenskrivargarden:

Her skal det tilretteleggast for ein avdeling i 2. etasje, dette til bruk medan arbeida i Fylkesmannsgarden skjer og til bruk ved store framtidige årskull.

Her vil det bli bygd tilkomst til 2. etasje i nord aust. Denne tilkomsten vil og vera tak for barnevogner som står ute på dagtid.

Eksisterande trappehus vil bli ombygd til grovgarderobe. Det blir laga nytt toalett og stellerom. Lydskilte mellom etasjane blir ivarteke ved at det blir montert dør i kjøkkenet i 1. etasje ved trapp. Denne trappa vil og fungera som rømningsveg frå 2. etasje. I vestenden i 2. etasjen er det areal for personalet slik som i dag.

Arbeidet har vore lyst ut på anbod. Planane er godkjent i AMU i sak 2/10 i møte 18.03.10.

Med bakgrunn i dei innkomne anboda har teknisk kontor sett opp fylgjande framlegg til byggebudsjett:

Entreprisekostnader Sorenskrivargarden	650.000 kr
Entreprisekostnader Nybø	3.845.000 kr
Generalkostnader	120.000 kr
Utstyr, leikeapparat	100.000 kr
Uforutsett, ca.10%	455.000 kr
<u>SUM eks.mva</u>	<u>5.170.000 kr</u>

SUM inkl.mva 6.462.500 kr

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har tidlegare vedteke ein struktur for barnehagedrifta i Leikanger som inneber drift av 2 kommunale barnehagar, Henjahaugane barnehage og Nybø barnehage med sine avdelingar i Fylkesmannsgarden og Sorenskrivargarden og ein privat barnehage, Askedalen Barnehage. Ein konsekvens av dette vedtaket var at Nybø barnehage måtte rustast opp.

Tal barn med rett til barnehageplass kan variere mykje frå år til år. For at kommunen skal kunne gje alle som har krav på plass eit tilbod, samtidig som me skal framstå som ein kommune som legg vekt på å tilrettelegga for tilflytting, bør kommunen dimensjonere barnehagetilbodet slik at ein for ettertida ikkje treng "nødløysingar" enkelte år får å imøtekoma desse krava.

Ved å rehabilitere Nybø barnehage samtidig som ein klargjer 2. høgda i Sorenskrivargarden til barnehagedrift, vil me så langt me kan sjå, ha god fleksibilitet og ein tilfredsstillande kapasitet for varierende årskull framover.

Sjølv om prosjektet har ein kostnadsauke på 2,0 mill og med det eit auka låneopptak på 1,670 mill i økonomiplanen, finn rådmannen det rett å prioritera denne utbygginga for å få ein framtidsretta og robust struktur på barnehagedrifta i kommunen.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Forskrift om frist for spreing av gjødselvarer av organisk opphav

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 10/122

Arkiv: V33 &00

Sak nr.:	Utval	Møtedato
22/10	Formannskapet	22.02.2010
30/10	Kommunestyret	15.04.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek forskrift om frist for spreing av gjødselvarer av organisk opphav.

DOKUMENT:

- Forskrift av 04.07 03 om gjødselvarer av organisk opphav
- Framlegg av 15.02.10 Forskrift om frist for spreing av gjødsel av organisk opphav i Leikanger kommune (teke inn i saksutgreiinga)
- Fråsegn av 26.03.10 frå Sogndal og Leikanger Bonde- og småbrukarlag
- Fråsegn av 26.03.10 frå Leikanger Bondelag.

SAKSUTGREIING:

Forskrift om gjødselvarar mv. av organisk opphav regulerer spreiefrist for husdyrgjødsel og pressaft m.m.

I § 1 heiter det : ” *Formålet med denne forskriften er å sikre tilfredstillende kvalitet på produkter som omfattes av forskriften, forebygge forurensningsmessige, helsemessige og hygieniske ulemper ved tilvirkning, lagring og bruk av gjødselvarer, mv av organisk opphav og legge til rette for at disse produkter kan utnyttas som resurss. Forskriften skal også bidra til en miljøforsvarlig forvaltning av jordsmonnet og ivareta hensynet til biologisk mangfold.* ”

§2:”*Forskriften omfatter gjødselvarer av organisk opphav, herunder husdyrgjødsel, silopressaft, avløps slam, vannverks slam, kompostprodukter og annen organisk gjødsel, organisk-mineralsk gjødsel, organiske og uorganiske dyrkingsmedier, jordforbedringsmidler, jorddekkingsmidler, anaerobt omsatt biomasse, forbrenningsprodukter, komposteringspreparater og vekststoffer med mikroorganismer mv. Folier, matter og liknende omfattes ikke av forskriften.*”

§23:” *Spredning av gjødselvarer av organisk opphav er kun tillatt i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikkje tillatt å spre gjødselvarer på snødekket eller frossen mark. Spredning*

uten nedmolding/nedfelling på eng og annen grøde bør gjøres så tidlig i vekstsesongen at det er mulighet for betydelig gjenvekst som høstes eller beites, og skal gjøres senest innen 1. september, dersom ikkje noe annet er bestemt av kommunen iht. tredje ledd. Kommunen kan på vilkår av at kommunens klimatiske forhold og vannkvaliteten i kommunens vassdrag tillater det, ved forskrift eller enkeltvedtak, tillate en senere frist for spredning uten nedmolding/nedfelling enn 1.september, men ikke senere enn 1. oktober.”

§20t:”Lager for husdyrgjødsel skal ha tilstrekkelig kapasitet slik at gjødsla kan lagres fram til spredning i den tillatte perioden. Lagret må i tillegg ha kapasitet til å oppbevare eventuell gjødsel som måtte ligge igjen i lagaret etter siste utkjøring. Lagringskapasiteten skal være minimum 8 måneders produksjon.”

Oppretting av lokal forskrift er regulert av Forvaltningslova. § 37 :” Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. Offentlige og private institusjoner og organsisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriften skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale seg før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre. Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse.”
-”uttalelser skal gis skriftlig. Forvaltningsorganet kan i den enkelte sak samtykke i at uttalelse gis muntlig.”

Lokale tilhøve

Leikanger kommune har gode klimatiske tilhøve. Landbruket har frå tid til anna trong for utvida spreiefrist. Det er ikkje problematisk i høve god agronomi eller med tanke på ureining å utvida spreiefristen i Leikanger.

Husdyrbruket i kommunen gjeld i hovudsak sau og i kombinasjon med frukt. Det er i liten grad storfehold. Det kan enkelte år vera trong for utviding av spreiefrist i samband med vertilhøve som fører til sein grashausting og påfølgjande utkjøring av husdyrgjødsla. Endra klimatiske tilhøve har vore med å utvide grasproduksjonssesongen slik at det er mogleg med hausting av 3 slåttar eventuelt beiting etter 1 – 2 slåttar.

Nabokommunane har vedteke lokale forskrifter for å regulera spreietidspunktet. Luster kommune har sett spreiefristen til 20. september. Sogndal kommune har sett spreiefrist til 20. september med moglegheit for dispensasjon fram til 1. oktober i særlege høve. Balestrand kommune har sett spreiefristen til 30. september.

Høyring

Sogndal og Leikanger Bonde- og småbrukarlag ynskjer siste frist for spreieing sett til 31. oktober under føresetnad at det ikkje er frost, snø eller store nedbørsmengder med fare for ras og flom, - alternativt at fristen vert sett til 30. september, men at spreieing i oktober kan utførast etter muntleg melding til kommunen, seinast 48 timar før spreieing med same føresetnader.

Leikanger Bondelag støttar framlegget til lokal forskrift for spreieing av gjødsel av organisk opphav utan nedmolding med spreiefrist 30. september.

Rådmannen si vurdering:

Det er ynskjeleg ut frå økonomi og omsynet til ureining at organisk gjødsel vert spreidd tidleg i vekstsesongen. Hensynet til praktiske tilhøve i ulike vekstsesongar gjer at det likevel kan vere trong for å spreie husdyrgjødsel seint. Leikanger kommune ynskjer å legge til rette for bruk av husdyrgjødsel innafør ei høveleg tidsramme.

Kommunen har ikkje høve til å sette lenger frist enn 1.oktober. Rådmannen held difor fast på framlegget til forskrift.

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

Forskrift om frist for spreing av gjødsel av organisk opphav i Leikanger kommune, Sogn og Fjordane

Vedteke av Leikanger kommunestyre 15.april 2010 med heimel i forskrift av 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer av organisk opphav, § 23. tredje ledd.

§1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å fastsetje frist for spreing av husdyrgjødsel på grasmark utan nedmolding.

§2. Verkeområde

Forskrifta gjeld i heile Leikanger kommune.

§3. Spreietidspunkt

Siste dato for spreing av husdyrgjødsel utan nedmolding er 30. september.

§4. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Samanslåing av Sogndal og Leikanger lensmannsdistrikt

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 10/260

Arkiv: X30

Sak nr.: Utval
31/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek å støtte opp om politimeisteren sitt framlegg om at Leikanger lensmannsdistrikt vert slått saman med Sogndal lensmannsdistrikt. Kommunestyret føreset at nemninga til det nye lensmannsdistriktet blir "Sogndal og Leikanger lensmannsdistrikt".

Leikanger kommune grunnjev uttalen med at fordelane med ei samanslåing er større enn dei ulempene som eit felles lensmannsdistrikt vil medføre for innbyggjarane i Leikanger.

DOKUMENT:

- Politimeisteren i Sogn og Fjordane, brev av 04.04.2010 (vedl)

SAKSUTGREIING:

Rådmannen syner til vedlagte brev frå politimeisteren i Sogn og Fjordane dagsett 04.04.2010 samt orientering til kommunestyret i møte 04.02.2010.

Poltimeisteren har gjevi ei utfyllande orientering om bakgrunnen for framlegget om å slå saman Leikanger lensmannsdistrikt og Sogndal lensmannsdistrikt samt dei fordelar og ulemper som vil følgje av ei slik samanslåing.

Rådmannen har ikkje andre moment som kan knytast til saka som vesentlege og vil tilrå at Leikanger kommune tross dei påpeikte ulempene som følgjer med ei slik samanslåing støttar opp om Politimeisteren sine konklusjonar og framlegg

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Høyring - Helse Førde sin strategiplan 2010-2020

Sakshandsamar: Gunnar Steine
Arkivsak nr.: 10/176

Arkiv: G00 &13

Sak nr.: Utval
32/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TILRÅDING:

Kommunestyret tilrår modell 1 for ei framtidig organisering av spesialisthelsetenestene i Sogn og Fjordane. Kommunestyret meiner at denne modellen samla sett sikrar innbyggjarane i Sogn og Fjordane trygge og gode helsetenester samtidig som modellen tilfredsstillar kravet om ein økonomi i balanse.

Modell 1 burde og vera eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med å finna gode samarbeidsløysingar for deler av dei oppgåvene kommunane skal få eit større ansvar for som fylgje av samhandlingsreforma.

DOKUMENT:

- Høyringsnotat frå Helse Førde dat. 08.03.10 (vedlegg)

SAKSUTGREIING:

I samband med Helse Førde sitt strategiarbeid har styret sendt ut si tilråding til framtidig modell for spesialisthelsetenestene i Sogn og Fjordane på høyring.

Strategiplanen skal vera eit overordna strategisk dokument for dei viktige vegvala i Helse Førde fram mot 2020, og skal følgjast opp med konkrete handlingsplanar. Valet av framtidig modell vil vera avgjerande for korleis strategiplanen skal utformast, og kva type handlingsplanar som skal setjast i verk.

Målet for strategiplanen er å sikra pasientane i Sogn og Fjordane moderne og fagleg forsvarlege tenester i framtida.

I høyringsgrunnlaget er det utgreidd 3 ulike modellar for framtidige spesialisthelsetenester i fylket:

Modell 1: Eit sentralsjukehus og to lokalmedisinske senter i Indre Sogn og Nordfjord.

Modell 2: Tre likeverdige sjukehus
Modell 3: Eit sentralsjukehus.

Styringsgruppa for strategiprosessen og styret for Helse Førde tilrår modell 1.
Høyringsinstansane vert i denne samanheng invitert til å gje tilbakemelding om val av modell.

Vurdering:

Det er eit stor inngrep å redusera helsetenestene i fylket tilsvarende 50 mill. kroner, og ei slik endring vil medføra eit redusert tenestetilbod. Dei 3 modellane vert oppfatta som svært ulike. Erfaringa frå helsetenesta er at pasientar i stor grad spør etter kvalitet på helsetenestene og ikkje geografisk lokalisering. Avstanden til Førde eller Bergen blir ikkje sett på som problematisk reiseavstand når det er trong for helsehjelp som kan vente. Unntaka for dette i vår kommune vil for det meste vera dei eldre pasientane som er mykje sjuke og som gjerne vil til Lærdal sjukehus for å sleppa reisa til Førde for ofte. Dette gjeld sjølvsagt berre dersom helsetilbodet fins i Lærdal. Som rapporten frå Helse Førde viser er det store rekrutteringsvanskar på lokalsjukehusa, og kommunen merkar at det blir liten kontinuitet som igjen går ut over kvaliteten på helsetenestene. Når det gjeld akutt helsehjelp er krava til helsetenester så store at lokalsjukehusa våre i liten grad kan ta desse oppgåvene.

Det er berre modell 1 som vil kunne bygge opp robuste fagmiljø som kan gi gode helsetenester inn i framtida. Dei andre modellane gir ikkje gode nok helsetenester, og ein må ved modell 2 og 3 rekne med stor lekkasje av pasientar til andre fylke. For å redusere ulempene med modell 1 for innbyggjarane i Leikanger og Sogn skulle sengeavdelinga på medisinsk avdeling på Lærdal blitt drifta så lenge at kommunane rekk å bygge seg opp og overta posten. Det ville då blitt eit interkommunalt helsetilbod styrt av lokalt helsepersonale og tilreisande spesialistar, dvs eit lokalmedisinsk senter.

Dersom sengeposten blir lagt ned vil dei tilsette finne seg anna arbeide og truleg vil mange av dei aktuelle pasientane frå sørsida av fjorden bli lagt inn på sjukehus utanfor fylket. I neste omgang vil kommunane trenge lang tid på å bygge opp eit nytt tilbod både av personellmessige grunnar og også på grunn av sannsynlege lokaliseringskonfliktar. Det vil difor bli viktig for kommunane å samarbeide med Helse Førde i denne fasen. Eit godt lokalmedisinsk senter i Indre Sogn vil truleg på ein del område kunne gi betre og meir tilpassa helsetenester enn vi har i dag.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Orienteringar

Sakshandsamar: Anja Hamre
Arkivsak nr.: 10/173

Arkiv:

Sak nr.: Utval
33/10 Kommunestyret

Møtedato
15.04.2010

TEMA:

- 1. Orientering om kraftfondet – status og utvikling v/Pareto
Fondsforvaltning**
- 2. Orientering om arbeidet med organisering av felles kyrkjeleg fellestråd
mellom Sogndal og Leikanger v/prost Jermod Hausberg**
- 3. Fylkesmannen – tilsynsrapport av 14.12.09 om tilsyn etter §13-10 i
Opplæringslova, samt kommunen si oppfølging (vedlagt)**
- 4. Referat frå Fylkesmannen sitt kommunebesøk i Leikanger 9. mars 2010.**
- 5. Kontrollrapport 2009 frå Skatteetaten vedkomande
skatteoppkrevjarfunksjonen i Leikanger kommune (vedlagt)**
- 6. Orientering om søknad om Bulyst 2010 v/Birte Fossheim**
- 7. Utskrift av møtebok for kontrollutvalet 12.02.10 (vedlagt)**